



Torfinn Myklebust i kommunestyret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Grunneigar og formannskapsmedlem Torfinn Myklebust avviser i eit skarpt brev til fleire nøkkelpersonar i kommunen at han har skrive under avtale om leggjing av avløpsleidning over eigedomen sin. Det går fram av postlista at det skal ha skjedd.
- Nokon som veit betre må stå bak denne feilmeldinga, skriv Myklebust.**

Han skriv vidare:

- Eg reknar med at det er kjent på rådhuset korleis kommunen har "trumfa" seg fram over eigedommen. Det er sendt fleire brev til kommunen og det har vore mange samtalar med kommunens Ivar Kåre Døssland om kloakkleidningen.

Det er heile tida sett visse vilkår frå mi side. Noko skulle mellom anna inn i den reviderte avtalen, som endå ein gong skulle reviderast før det vart snakk om endelig underskriving av oss. Kommunen er sjølv årsak til at den underskrivne avtalen ikkje er gjeldande - om kommunen får mine vilkår med i siste utgave av avtale. Elles gjeld den gamle underskrivne avtalen.

Myklebust opplyser at noko slikt framlegg til nyvurdering ikkje har kome dei i hende og spør: Korleis kan då ein avtale vera underskriven og leggjast fram for offentligheta?

Han opplyser at han sette visse vilkår for at kloakken skulle gå "midt over" eigedommen. Han bad også rådmannen stoppe arbeidet og fjerna maskinene før han fekk visse lovnader om endring i avtalen. Arbeidet vart stoppa av Ivar Kåre Døssland ein dag.

Noko av det han har klaga på under arbeidet og i ettertid er utført nokolunde som han bad om. Men enkelte ting står att. Myklebust har bedt om fleire ting som måtte avklarast før kloakken vart teken i bruk. Hadde kloakkleidningen vorte lagt etter det som den underskrivne avtalen syner hadde det meste vore i orden.

Myklebust kjem med desse to salvane:

- Kommunen durer fram som om det skulle vera gjort vedtak om kommunisme her. Nei, no må kommunen starta med å respektera enkeltindivid og innsjå at det framleis er eigedomsrett i landet.

Når kommunen ber om noko frå enkelte grunneigarar så må vi ha lov til å venta respekt og oppfølging frå kommunens tilsette.

- Eg trudde tidlegare at kommunen var ein samarbeidspartnar med enkeltpersonar, men etter som åra har gått ser eg kommunen som større og større motpart eller kanskje rettare motstandar. Fleire saker får meg til å skifta til eit slikt syn.

Myklebust opplyser til uskedalen.no at han dagen etter at brevet hans var motteke i kommunen fekk eit nytt avtaleutkast klart til underskriving. Han ser no fram til eit nytt møte med kommunen om saka.

AvOla Matti Mathisen